



Jentelaget fra Uskedalen

Dei 3 laga med 112 spelarar frå Uskedalen som var med i Husnes Cup i helga fekk ei våt oppleving men gjekk likvel til oppgåva med pågangsmot og hevda seg bra. Det gjorde i særleg grad jentelaget som tok 3 sigrar og fekk 2 tap. Gutelaget med 11-åringane fekk 2 sigrar, 1 tap og 2 uavgjorte kampar medan 10-åringane hadde 1 siger og 4 tap. Men på dette alderssteget er ikkje sigrar eller tap så viktige, det gjeld framfor alt å verta glade i fotballen.



Gutar 10 frå Uskedalen

Her er laga som representerte UIL:

**Jenter 10-11:**

Ann Helen Rød (keeper), Thea Soltveit Taranger, Ida Maria Eidsvik, Amalie Rød, Camilla Myklebust, Andrea Hjelmeland, Stine Soldal, Silje Soldal, Caroline Kjerpeseth, Hanna Tvilde og Ella Karine Hjørnevåg

**Gutar 10:**

William Hjørnevåg, Olve Simonnes Tveit, Tørres Lekva, Jonathan Taranger, Joakim Musland, Kristoffer Hauge, Jostein Soldal og Ole Haukenes Eik.

**Gutar 11:**

Viljar Simonnes Tveit, Marius Hauso, Fredrik Haugland, Sander Simonsen, Kristian Klette Hansen, Martin Hjelmeland Arnesen og Thea Soltveit Taranger (innbyttar).

Ein kunne ikkje unngå å verta imponert over korleis Trio gjennomførte arrangementet trass i ublide vergudar. Alt gjekk på skinnar i tråd med eit velsmurt opplegg.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen og Tor Edward Taranger



Gutar 11 frå Uskedalen